

§1 FØREMÅL

Herøysund Bygdalag har som mål å leggja tilhøva til rette for ei utvikling som gjer bygda vår til ein best mogeleg stad å bu. Laget skal vera eit samordnande organ for dei friviljuge laga i bygda, eit pådrivande organ for næringslivet og eit rådgjevande organ for lag og einskildpersonar.

§2 MEDLEMSKAP

Alle over 15 år som bur i bygda er medlem av laget. For å ha røysterett på laget sitt møte, må fastsett kontingent vera betalt.

§3 KONTINGENT

Årsmøtet fastset storleiken på medlemskontingenten innanfor ein formel som ser slik ut:

Vaksen	= 1
Ungdom (15-20 år)	= 1/2 x vaksen
Firma	= 5 x vaksen

§4 LAGET SINE ORGAN

ÅRSMØTET

er laget sitt øvste bestemmande organ, og vert ordinært halde innan 15. mars. Årsmøtet skal kunngjerast minst 14 dagar på førehand. Ekstraordinært årsmøte kan haldast når styret finn det nødvendig, eller når 1/3 av medlemene krev det.

Årsmøtet skal:

- Handsama styret si årsmelding og rekneskap.
- Handsama innkomne forslag
- Fastsetja medlemskontingenten.
- Velja 5 styremedlemer slik:

- leiar for 1 år
- kasserar for 2 år i år med oddetal
- 2 styremedlemer i år med partal
- 1 styremedlem i år med oddetal

Vidare skal det veljast:

- 1. og 2. vararepresentant for 1 år
 - 2 revisorar for 1 år
 - valnemnd på 2 personar
- Velja 3 styremedlemer til Herøysund Grendahus slik:
 - leiar for 2 år i år med partal
 - 2 styremedlemer i år med oddetal

Alle vala skal vera skriftlege dersom eit medlem krev det, eller det kjem fleire forslag til namn.

Etter at årsmøtet er ferdig, kan det haldast medlemsmøte slik at det er høve til å ta opp saker styret bør arbeida med.

MEDLEMSMØTE

Medlemsmøte skal haldast så ofte styret finn det nødvendig. Medlemsmøtet kan drøfta aktuelle saker, og gje styret råd om tiltak. Møtet er ope for alle over 15 år som bur i bygda.

STYRET

Styret er det bestemmande organet mellom årsmøta. Styret har møte så ofte leiaren finn det nødvendig, eller når minst to styremedlemer krev det. 1. vararepresentant vert kalla inn til alle styremøte, med tale og forslagsrett.

Styret skal:

- Arbeida etter vedtektene, følgja dei vedtak årsmøtet har gjort, og ta opp saker som vert fremja av medlemene i medlemsmøte, eller vert oversend til styret.
- Arbeida for god kontakt mellom bygdelaget og det offentlege.
- Arbeida for god kontakt mellom bygdelaget og dei andre laga i bygda.
- Føra møtebok frå alle møta.
- Førebu saker til medlems- og årsmøte.

Styret er vedtaksført når minst halvparten er til stades. Ved likt røystetal, tel leiaren si røyst dobbelt.

Styret kan setja ned underutval for å greia ut særskilde saker, og velja undergrupper for særlege arbeidsoppgåver.

§5 VEDTEKTSENDRING

Endring av vedtektene krev 2/3 fleirtal av dei frammøtte medlemene. Framlegg om endring skal sendast medlemene minst 14 dagar før årsmøtet.

§6 OPPLØYSING

Vedtak om å løysa opp laget krev minst 3/4 fleirtal av dei frammøtte medlemene på årsmøtet. Framlegg om oppløysing skal sendast medlemene minst 1 månad før årsmøtet.